

PROSESSEN

Skodespel i 2 aktar, etter Franz Kafka's roman

Ved

Andre Gide og Jean-Louis Barrault

Til nynorsk ved Halldis Moren Vesaas

JOSEF K:

Herr dommar, De spurde meg først om eg var veggmålar – eller for å vere heilt eksakt, De spurde meg ikkje om noko som helst. De slengde denne falske konstateringa i andletet på meg som om det var ein fastslegen sanning. Og dette er karakteristisk for den måten heile denne prosessen mot meg har vore ført på. Kvifor nett mot meg? Det ville eg gjerne vite. Kan de fortelje meg det? Eg veit det ikkje. Dersom De leitte grundig kunne de kanskje finne det ut – av denne digre protokollen der framfor Dykk – som ser ut til å vere i staden for både hjerne og hjarte hos Dykk. Meg byd det sterkt imot å røre ved desse innvollane. Eg tvilar ikkje på at namnet mitt finst innskrive i dette registret. Av kven, for kva? De sjølv veit truleg ingenting om det, De berre lyder ordre. Og dette namnet, som tilfeldigvis er mitt, kunne likså godt ha vore namnet til nokon anna, en veggmålar til dømes, likså uskyldig som eg. Eit namn som hører til...ikkje kven som helst, ikkje nokon av dykk, mine herrar, det er eg viss på, for De har teke plass blant klagarane – for å sleppe å komme med blant dei som er klaga. – Eg er altså arrestert. Eg kan ikkje bevise at eg er uskyldig, så lenge eg ikkje veit kva eg er klaga for. Og dersom eg ikkje kan bevise at eg er uskyldig, blir eg sett på som skyldig. De ser sjølve at det finst ingen måte å komme seg ut av dette på. Mine herrar, mitt tilfelle er ikkje eineståanda, ikkje isolert. Det er da heller ikkje så mykje for meg sjølv eg talar, men for alle desse andre, dei uskyldige, som er klaga liksom eg er det.